



Vil ha fleire skatarar

Tre elevar i niande klasse ved Sigdal ungdomsskole i Buskerud starta eigen skateskole for medelevar våren 2012. Dei ønskjer fleire skatarar og ein skaterampe på skolen.

Steinar Sund

Skateskolen vart gjennomført på to laurdagar. På den første samlinga deltok ni elevar i ulike aldrar. Dei tre instruktørane var Kristian Havikhagen, Magnus Kaugerud og Hauk Halstenrud. Dei fortel at skateskolen eigentleg er ein del av arbeidslivsfaget ved skolen, men likevel noko dei har funne på sjølv.

– Vi hadde lyst til å lære dei yngre å

skate, forklarar Magnus. Han vonar det etter kvart

skal bli litt betre tilhøve for skatarane på ungdomsskolen.

– Elevrådet har sagt at det skal bli ein skaterampe her, men eg veit ikkje når han kjem, seier han. Elevrådet har hatt eit ønske om at rampen skal kome på plass i løpet av våren. Elevane skal kunne nytte han i friminutta og på fritida ellers.

– Vi ønskjer veldig at det skal bli ein rampe her. Alle som driv med skating her på skolen, vil svært gjerne ha ein skaterampe, legg Kristian til.

Teknikk og balanse

Dei tre skateglade gutane er svært glade over at så mange elevar møtte

fram til skateskolen deira. Det er første gongen dei prøver seg på noko slikt. Den første kurssamlinga dreidde seg mykje om teknikk og praktiske øvingar. Dessutan øvde dei mykje på å halde god balanse på rullebrettet i ulike posisjonar. Riktig teknikk på skatebrettet er viktig, skal vi tru dei unge instruktørane. Undervisninga fann stad på eit relativt lite område framfor skolen der det er asfalt og ganske jamt.

– Vi lærte dei mellom anna korleis dei skal stå på brettet, forklarar Hauk. Dei unge elevane fekk prøve seg på nokre hopp, og dei fekk og lære seg nokre andre triks. Dei tre unge instruktørane fortel at dei sjølv har drive med skating i nokre år. Gjennom skates-



Dei tre instruktørane Magnus Kaugerud, Kristian Havikhagen og Hauk Halstenrud Varsla har valt å lage en skateskole i arbeidslivsfaget på ungdomsskolen.

Tobias Faane

Perle Eidal var einaste jente på den første kurssamlinga.

Balansetrening er ein viktig del av pensum i skateskolen. Her ser vi Paul Bratterud Iversen i aksjon.

Ni elevar og tre instruktørar var samla til skateskole ved Sigdal ungdomsskole våren 2012: (framme frå venstre) Karl Martin Rolfstad, Martin Kihle, Paul Bratterud Iversen, Ole Kristoffer Ringvold Wærsted, Perle Eidal, (bak fra venstre), Tobias Faane, Kristian Havikhagen, Magnus Kaugerud, Hauk Halstenrud Varsla og Philip Louis Gits.



Kristian Havikhagen gler seg til dei får skaterampe ved ungdomsskolen.



kolen vonar dei at enda fleire vil vere med og skate på Prestfoss.

Dei vonar og at det skal verte mogleg å få til skaterampen på skoleområdet etter kvart. Rektor Stig Jørstad ved Prestfoss ungdomsskole stadfestar at elevrådet har kome med eit ønske om ein skaterampe, men diverre har ikkje skolen pengar til dette no.

Leiar i elevrådet, Marte Green, vonar foreldra vil stille opp og hjelpe til.

– Vi veit ikkje når vi kan få det til, men vi vonar foreldra kan vere med på ein dugnadsaksjon, seier ho.

Etterlikna bølgesurfing

Historia til skatebrettet går attende til 1950-åra. Da begynte nokre surfarar frå California å setje hjul frå rulleskøyter på brett og gjorde triks på bretta. Sporten vart raskt populær, og etter kvart starta ein produksjon

av skatebrett, som vart å få kjøpt i butikkane. I starten kalla dei sporten for “sidewalk surfing” eller “skurfing”. På 60-talet starta dei første gong med konkurransar på rullebrett, men skating slik vi kjenner det i dag, vart først populært på 70-tallet. Da hadde og rullebrettet endra fasong slik at den eine enden vart bøyd litt oppover slik at brettet skulle verte lettare å styre. Det kom og ein ny type hjul som fungerte betre på betong og asfalt.

Dei som utvikla sporten var surfarar som var vande med å surfe på store bølger i vatnet. Dei etterlikna det dei gjorde i vatnet på skatebretta og nytta bakkar og skolegardar. Snart gjekk dei enda lenger og begynte å skate i avrunda svømmebasseng som var tømde for vatn. På den tida var det tørke i California, og mange basseng låg tomme for vatn. Så mange triks gjorde

dei ikkje, men dei prøvde å kome seg på toppen av kanten av bassenget ved å skate att og fram i den avrunda botnen av bassenget.

Kultur eller sport?

I dag finst det ulike typar av skating. Ein skil gjerne mellom vertskating, der ein hoppar på store hopp eller i skaterampar, og streetskating, som går ut på å skli nedetter rekkverk og anna som det er mogleg å skli på.

Her i Noreg har somme vore litt opptekne av at rullebrettkøyring eller skating ikkje skal reknast som ein sport, men som kultur. Årsaka til det er at ein ikkje ønskjer konkurransefokus, der ein er oppteken av å kåre vinnarar. Likevel blir det nokre stader arrangert konkurransar i skating, og NM i skating blir arrangert i ulike byar stort sett kvart år.